



Felles fylkeskommunalt program ved Kirsti
Haagensl
Postboks 2560
7735 STEINKJER

Dato: 12.09.2014
Vår ref.: 2014/18001-2
Saksbehandlar: heilars
Dykkar ref.:

Rullering av Melding om Kystskogbruket, deltaking og finansiering 2014

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til rullering av "Melding om Kystskogbruket" med framlagt prosessplan.
2. Arbeidet med rullering støttast med eit tilskot, innanfor eksisterande ramme, på inntil kr 140.000,- finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014".
3. Hordaland fylkeskommune har intensjon om å følgje arbeidet vidare gjennom deltaking i oppfølginga av "Melding om Kystskogbruket".
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt "Melding om kystskogbruket" etter rullering.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Arkivnr: 2014/18001-1
 Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	193/14	28.08.2014

Rullering av «Melding om Kystskogbruket», deltaking og finansiering 2014

Samandrag

«Melding om Kystskogbruket» er eit felles næringspolitisk arbeidsdokument for ti fylkeskommunar, skognæringa og fylkesmannsembetet. Meldinga inneheld analysar av næringa og synliggjer næringa sine muligheter og potensiale. Meldinga inneheld også strategiar og prioritaring av tiltak som i fellesskap skal følgjast opp. Hordaland fylkeskommune har vore ein del av dette samarbeidet sidan 2008. Meldinga skal no rullerast, og det er viktig at rulleringsprosessen er politisk forankra i fylkeskommunane. Når rulleringsarbeidet er gjennomført blir meldinga igjen sendt til politisk behandling.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til rullering av «Melding om Kystskogbruket» med framlagt prosessplan.
2. Arbeidet med rullering støttast med eit tilskot, innanfor eksisterande ramme, på inntil kr 140.000,- finansiert over «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014».
3. Hordaland fylkeskommune har intensjon om å følge arbeidet vidare gjennom deltaking i oppfølginga av «Melding om Kystskogbruket».
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt 'Melding om kystskogbruket' etter rullering.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til rullering av "Melding om Kystskogbruket" med framlagt prosessplan.
2. Arbeidet med rullering støttast med eit tilskot, innanfor eksisterande ramme, på inntil kr 140.000,- finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014".
3. Hordaland fylkeskommune har intensjon om å følge arbeidet vidare gjennom deltaking i oppfølginga av "Melding om Kystskogbruket".
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt "Melding om kystskogbruket" etter rullering.

Johnny Stiansen
konstituert fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.06.2014

Bakgrunn for saka

Historikk for «Melding om Kystskogbruket»

Nasjonalt er verdiskapinga i skognæringa på omlag 45 mrd. kroner og sysselsettinga ca. 35.000 årsverk. I 2006 var skognæringa (inkl. møbel) den tiande største næringa i kystfylka målt i samla produksjonsverdi for skogen og verdikjedene som er basert på trevirke. Kystskogbruket omfattar skogareala (både kyst og innland) i ti fylke nordafjells- og vestafjells. Dette utgjer over 40 % av landets produktive skogareal.

Utgangspunktet for «Melding om Kystskogbruket» var manglande tømmertilgang til skogindustrien, og det at kystfylka har store skogressursar som ikkje er nytt. Den nasjonale skogbrukspolitikken synes ikkje å fungera like godt for kystskogbruket, og «Melding om Kystskogbruket» sitt formål var å sjå nærmare på kva som burde gjerast for at skognæringa og skulle utvikla seg godt i kystfylka. Fylkesrådleiar Alf Daniel Moen, Nord-Trøndelag, tok i juni 2005 initiativ til å lage ei skogbruksmelding for kystskogbruket i Norge. Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag, Vestlandsrådet og Sør-Trøndelag fylkeskommune blei med på laget. Mandatet for arbeidet med «Melding om Kystskogbruket» ble gitt av Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag (LU), Vestlandsrådet og Sør-Trøndelag fylkeskommune. Mandatet var:

1. *Det bør utarbeidast ei melding for kystskogbruket i Norge. Meldinga må spesielt legge vekt på næringsmessige potensiale som skognæringa representerer i kystfylka.*
2. *Det skal settas i gang et regionalt prosjekt om kystskogbruket kor en tar sikte på å få fram sentrale fokusområder. Forslag til disposisjon for en kystskogbruksmelding, som følgjer denne saka, leggas til grunn for arbeidet. Arbeidet må leggå opp slik at dette blir et viktig grunnlag for regjeringa si oppfølging av "Skogmeldinga". Et nært samarbeid med departementet må derfor etableras. Med "Skogmeldinga" menas arbeidet med "Nasjonale strategiar for økt avvirkning".*

«Melding om Kystskogbruket» kom i 2008. Gjennom meldinga ynskte fylkeskommunane frå Vest-Agder til Finnmark å ta tak i den nasjonale skogpolitikken. Bakrunnen for denne inndelinga er klimatiske og driftsmessige ulikhetar mellom kystskogbruket og skogbruket østafjells.

Fylkeskommunane behandla meldinga i 2008/2009 og hovudkonklusjonen vart at alle «slutta seg til» eller «tok til etterretning» forslaga og meinte at desse måtte følgjast opp i fellesskap. Fylkeskommunane frå

Finnmark til Vest-Agder har behandla og slutta seg til «Melding om Kystskogbruket». Spesielt for Kystskogarbeidet er at det geografisk er eit stort område som omfattast av samarbeidet. Storleiken er styrken i samarbeidet og gir tyngde til tiltaka.

Samarbeidet mellom kystfylka har to oppfølgingsprogram;

- Eit for å følgje opp tiltaka skognæringa sjølv hadde ansvar for (*Oppfølgingsprogram skognæringa kyst*)
- Eit for å følgje opp de skogpolitiske tiltaka som fylkeskommunen hadde ansvar for (*Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram*).

Oppfølgingsprogramma gjeld for eitt år om gongen for å variera den årlege innsatsen etter behova.

Etablering av Melding om Kystskogbruket skjedde i nært samarbeid med Landbruks- og matdepartementet. Departementet etablerte Kystskogbruksmidlane, ein virkemiddelpott som mellom anna skulle få gjennomført fellesprosjekta i meldinga. Fyrste året (2008) vart det sett av 5 mill. kroner., I 2009 blei summen auka til 10 mill. kroner. Desse midlane er blitt løyvde årleg fram til 2014. Midlane som blir forvalta av fylkesmennene, har vore svært viktige for oppfølgingsarbeidet og har gjennom fleire år finansiert viktige fellesprosjekt.

Nord-Trøndelag fylkeskommune (NTFK) har husa sekretariatet for Kystskogarbeidet. Sekretariatet har ein 60 % stillingsressurs til disposisjon som vert finansiert av fylkeskommunane i fellesskap.

Innan kystskogbruket er det og fleire andre prosjekt i gang, mellom anna på infrastruktur som vegar og kaier, kompetanse og drift i bratt terrenget med taubaner.

«Melding om Kystskogbruket» og Hordaland

Hordaland fylkeskommune slutta seg til «Melding om Kystskogbruket» og «Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram» i 2009. Hovudmålet med programmet var så snart som mogleg å etablera eit politisk grunnlag for å nå måla i meldinga. I Hordaland har aktørane innafor skognæringa (bedriftene) etablert skognæringsforum. Dei andre fylka har etablert tilsvarande nettverk. I 2013 blei det etablert ein formell næringsorganisasjon for skognæringa, Skognæringa Kyst SA. Eit felles fylkespolitisk landsdelsløft har så langt vore riktig strategi og gitt resultat innan infrastruktur. Deltakinga i «Melding om Kystskogbruket» har vore positivt for Hordaland m.a. fordi fylket har tilgang på større midlar enn tidligare til skogvegar og kaier. I revidert statsbudsjett for 2012 og 2013 er det gjeve to løyvingar til utviding av tømmerkai på Eidsnes i Lindås kommune på til saman kr 15.214.000,-. I tillegg har Hordaland fylkeskommune løyva kr. 1 000 000 i tilskot til denne tømmerkaia. Samarbeid mellom kystfylka synliggjer også utfordringar knytt til drift og klima langs kysten, noko som er positivt for næringa i Hordaland.

Bakgrunn for rullering av «Melding for Kystskogbruket»

I juni 2013 vart det invitert til et skogpolitiske informasjons- og dialogmøte med kontaktpersonane i fylkeskommunane i Kystskogbruket. På møtet vart det bedt om tilbakemelding på den strategiske vegen vidare og korleis fylkeskommunane skulle jobbe og prioritera.

Tilbakemeldingane frå møtet var ...«*Arbeidet for skognæringeras rammevilkår og forståelse brent bør fortsette. Langsiktigheten er viktig og skognæringa trenger drakraft fra politisk hold. Det er en nærsammenheng mellom aktiviteten i skogbruket og skogpolitiske aktivitet. Det er viktig å ha et system for å gi beslutningstakerne innblikk i skogens store potensiale og fylkeskommunene må dra lasset sammen. Hver fylkeskommune blir for «liten».*»

I etterkant av dialogmøtet vart det vidare arbeidet drøfta, og styringsgruppa for Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram vedtok å tilrå ei rullering av «Melding om Kystskogbruket».

Det er gjennom arbeidet i Kystskogbruket etablert god dialog med fleire departement, statlige institusjonar, forsking og kompetansemiljø. Dei ynskjer å følgje kystskogarbeidet vidare.

Rullering av 'Melding om Kystskogbruket' vil hovudsakleg ta tak i overordna og felles utfordringar for kystfylka.

Det vert tilrådd at ein fortsatt har eit langsiktig perspektiv på oppfølginga av kommande melding og på rulleringarbeidet. Skognæringa er ei langsiktig næring og arbeidet med å følgje opp utfordringane i ei felles regionalpolitisk næringmelding for dei ti kystskogfylka kjem til å ta mykje tid og ressursar. Dette gjeld både for skognæringa sjølv, og for fylkeskommunane.

Budsjett og finansiering av rulleringsprosessen

Samanlikna med tidlegare år er budsjettet for 2014 dobla. Dette skuldast at I budsjettet for 2014 ligg både ordinær drift og ekstra kostnader knytt til rullering. Styringsgruppa skal utvidast og det blir fleire møter med styringsgruppa. Kostnaden med prosessen og prosessmøta ligg inne i budsjettet og det er naudsynt å kjøpe konsulentbistand, mellom anna for å utarbeida og oppdatera verdiskapingstall og statistikk til meldinga. Oppfølgingsprogrammet av meldinga frå 2008 går framleis og vert følgd opp fortløpende i 2014.

I 2013 ga Hordaland fylkeskommune kr 75 000 i tilskot til prosjekt Kystskogbruket, fylkeskommunalt oppfølgingsprogram. I 2013 hadde prosjekt Kystskogbruket et budsjett på kr 750 000.

Budsjett (samandrag, er utarbeid av Kystskogbruket)

Løn fast stilling, honorar og godtgjering til styringsgruppa (eksterne)	746.000,-
Pensjon og arbeidsgivaravgift	201.000,-
Møte og reiseutgifter - tilsette, styringsgruppe og prosess-samlingar	240.000,-
Kontorleie og ord driftsutgifter	24.000,-
Kjøp av tenester og konsulenthonorar	300.000,-
Tilskot til felles konferansar i kystskogbruket	30.000,-
Sum	1.550.000,-

Finansiering (er utarbeid av Kystskogbruket)

10 fylkeskommunar à kr 140.000,-	1.400.000,-
Tilskot frå staten, kystskogmidlar	150.000,-
Sum	1.550.000,-

Fylkeskommunane som deltek i Kystskogbruket –Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder – deltek i finansieringa med lik sum. Styringsgruppa handsama og vedtok budsjettet i møte 26. februar 2014.

Forslag til prosess og gjennomføring av rullering av melding om Kystskogbruket

Arbeidet med å rullere meldinga er ein omfattande prosess. For å koordinere og avklare rulleringsarbeidet, og som eit ledd i å legge til rette for ein open, god og ryddig prosess er det laga eit forslag til plan for rullering av meldinga. Den beskriv prosessen for rulleringsarbeidet (sjå tabell 1), bla. prosjektorganisering, saksgang og informasjonsflyt. Prosessen tek hand om fylkeskommunen sitt behov for deltaking, informasjon og eigarskap. Dialog og samarbeid med næringa er særsviktig i arbeidet. Førebels er rulleringsprosessen litt på etterskot, men truleg vil den komme å jour i løpet av hausten.

Tabell 1 Prosess for rulleringsarbeid (tabellen er utarbeidet av Kystsakogbruket).

Faser i meldingsarbeidet	Oppgaver	Forum	Tidsrom
Forberedelser	Utvidelse av styringsgruppen	Valg av representanter til styringsgruppen	Fylkeskommunene v/politisk nettverksgruppe Mars/april 2014
	Forslag til prosess	Brev om tilslutning til Fylkeskommunene	Fylkeskommunene i Kystsakogbruket Mars 2014
		Brev om deltagelse til Skognæringa Kyst	Skognæringa Kyst Mars 2014
		Brev om bistand til Fylkesmennene	Fylkesmennene Mars 2014
		Innspillsrunde til meldingsprogrammet	Skognæringa Kyst Fylkesskognettverkene Styringsgruppa FMLA Fylkeskommunene Mars 2014
	Vedtak av meldingsprogram	Styringsgruppa	Mai 2014
Meldingsprosess	Innledende Meldingsarbeid	Oppdatering av statistikk og tallmateriale	Sekretariatet m/innleid hjelp Mars-mai 2014
	Prosessmøter	Evaluering av Melding om Kystsakogbruket	Prosessmøter i Kystsakogbruket m/innleid kompetanse August - september 2014
		Avklare utfordringer	
		Rammene for meldinga gjennomgås	
		Utarbeide forslag til tiltak	
	Utarbeidelse av utkast til Melding om Kystsakogbruket	Utarbeidelse av rullert melding med bakgrunn i prosessene	Sekretariatet August – oktober 2014
	Første styrebehandling	Godkjenning av forslag til melding og vedtak om utsending til innspill	Styringsgruppen Oktober 2014
	Meldinga sendes ut for innspill	Det bes om en tilbakemelding på forslag til Melding om Kystsakogbruket 2014	Sendes: Skognæringsforumene Skognæringa Kyst Fylkeskommunene Fylkesmennene Andre? Oktober 2014
	Andre styrebehandling sluttbehandling	Styringsgruppa behandler forslaget til Melding om Kystsakogbruket og vedtar at meldinga sendes til behandling.	Styringsgruppen Desember 2014

Sluttbehandling	Behandling av Melding om Kystskogbruket i fylkestingene Meldinga sendes fylkene for politisk behandling. (Fylkeskommunene må få et forslag til hvordan behandlingen skal skje i eget fylke)	Fylkeskommunene	Første ½-år 2015
------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------	------------------

Styringsgruppa har understreka at den ynskjer at det skal utviklast eit godt eigarskap til meldinga i fylkeskommunane. Forslaget til prosess er lagt opp slik at fylkeskommunane deltek gjennom behandling av søknaden, innspel til prosessen og deltaking i prosessen. Vidare vil forslaget til melding bli sendt ut for innspel før den til slutt vert handsama i styringsgruppa. Det vil også bli invitert til møter i nettverket, kor en informerer og ber om tilbakemelding på arbeidet.

Sekretariatet sentralt vil ha ansvaret for gjennomføringa av prosess-samlingane. Fylkeskommunane har ansvar for å legge til rette for og koordinere prosessane i sin region. Det vert lagt opp til eit samarbeid mellom fylka og med sekretariatet for å gjere arbeidsmengda overkommeleg for fylka. Viktige samarbeidspartar er skognæringsforuma i fylka og fylkesmennene.

Rammer for arbeidet knytt til rullering

Styringsgruppa har presisert at dei ynskjer at:

- Fylkeskommunane skal sitte i førarsetet for ei rullering, men støtte seg til fylkesmennene.
- Det skal utviklast eit godt eigarskap til meldinga i fylkeskommunane både politisk og administrativt.
- Forhold som meldinga skal avklare er kor lenge samarbeidet skal fortsetja, og kva form oppfølginga av meldinga skal ha.

Frå det fylkespolitiske nettverket er det uttrykt behov for:

- Fortsatt trykk på arbeidet med skogens potensiale, muligheter og rolle i klimaarbeidet.
- Satsing på infrastruktur.
- Informasjon til nettverket og fylkespolitikarane.

Ei politisk melding er ikkje tidsavgrensa, men eit felles oppfølgingsarbeid av meldinga kan vere det. I og med at meldinga skal rullerast vil ein be om innspel frå fylka på vidare samarbeid og tidshorisonten til prosjektet.

Organisering og ansvar i rulleringsprosessen

Styringsgruppa leiar og er ansvarlig for arbeidet med rulleringa. Styringsgruppa handsamar og vedtek forslag til «Melding om Kystskogbruket», og sender meldinga til politisk handsaming i fylkeskommunane. Fylkeskommunal politisk- og administrativt nettverksgruppe er referansegrupper for arbeidet.

Fylkesmennene, Skognærings Kyst og fylkesskogforuma er fagleg referansegruppe og samarbeidspartner i prosessen. Det er naturleg å be andre sentrale aktørar i skogbruket om å komme med innspel til meldingsarbeidet.

I tilknyting til rullering av «Melding om Kystskogbruket» er det ynskjeleg å utvida styringsgruppa.

Styringsgruppa for Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram har bestått av 3 personar: leiar Alf Daniel Moen, Trøndelag, Anne Wiik, Nord Norge, og Håvard Jostein Kongshaug, Sørvest og Vestlandet, alle oppnemnt av dei respektive landsdelsutvala.

På dagsorden for det fylkespolitiske nettverksmøtet 4. april 2014, sto supplering av styringsgruppa som eiga sak, og styringsgruppa vart supplert med representantar frå Midt-Norge og Sørvest og Vestlandet. Nord-Norge kommer med sin representant i løpet av våren.

Styringsgruppa etter 4. april

Namn	Landsdel/fylke
Alf Daniel Moen	Midt-Norge, Nord-Trøndelag
Håvard Jostein Kongshaug	Vestlandet, Møre og Romsdal
Anne Wiik	Nord-Norge, Nordland
Stig Klomsten	Midt-Norge, Sør-Trøndelag
Nils Harald Rennestraum	Sørvest og Vestlandet, Vest-Agder
Navn kjem seinare	Nord-Norge

Rådmannen vurdering

Prosessene for rullering av «Melding om Kystskogbruket» slik den er foreslått gjer rom for innspel frå alle aktørar knytt til skognæringa. Det er viktig at rulleringa resulterer i ei melding som tar tak i utfordringane i næringa. Det er også viktig at meldinga vert rullert på ein slik måte at dokumentet som skal sendast til politisk handsaming har lang tidshorisont tilpassa skognæringa. I regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 er skogbruk regna som ein del av landbruket, og det er også ei næring som har positive ringverknader for mange område i fylket. Sagbruka og trevareindustrien i fylket sysselset nærmare 300 personar og har ei årleg verdiskaping på omkring 600 millionar kroner, medan sjølve avverkinga frå skogen utgjer 60 millionar kroner (tala er frå 2013). Omtrent 60 prosent av landbrukseigedomane i Hordaland hadde både jord og skog i 2010. Sjølv om skogeigedomane i fylket er blant dei minste i landet, veks det produktive skogarealet i Hordaland meir enn i dei fleste andre fylka. Såleis har skogen Skogavverkinga har også hatt ein monaleg vekst dei ti siste åra. Prognosar tilseier at tømmerproduksjon i Hordaland vil ha fortsatt vekst fram mot 2040. Skogindustrien er inne i ei periode prega av sterk konkurranse og prispress. Internasjonalt er prognosane likevel at det vil bli mangel på trevirke i framtida. Skognæringa kan derfor ha eit stort framtidig verdiskapingspotensial. Basert på det framtidige utviklingspotensialet som ligg i skognæringa, ynskjer Hordaland fylke å delta i rulleringsprosessen av «Melding om Kystskogbruket».

I 2009 vedtok fylkesutvalet at Hordaland fylkeskommune skulle slutte seg til oppfølgingsprogrammet av «Melding om Kystskogbruket» og løyva kr 50 000 til prosjektet. Frå 2010 til 2013 har oppfølgingsprogrammet av «Melding om Kystskogbruket» fått løyva mellom kr 60 000 til kr 75 000 per år frå Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen tilrår at Hordaland fylkeskommune støtter ordinær drift og ekstra kostnader knytt til rullering av «Melding om Kystskogbruket» i 2014 med kr 140 000 frå HNH.